



**Notat**

Dato: 30.09.2016  
Arkivsak: 2015/12809-5  
Saksbehandlar: rutornh

---

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. - 14.juni 2016**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling hadde sak om konferansen oppe på møte i 19.01.2016. Utvalet såg konferansen som ein viktig arena for utvikling av nordiske bibliotek og innstilte til Fylkesutvalet at det skulle løyvast kr 100.000 til konferansen. Fylkesutvalet vedtok løyvinga på møte 29.01.

Konferansen *Bibliotek forandrer liv!* starta søndag 12.juni med eit møte mellom 26 bibliotekarar som arbeider på regionalt nivå i Noreg, Danmark og Sverige. Det blei halde innleiingar om kva som har skjedd med den regionale bibliotekverksemda etter strukturreformer i Sverige og Danmark og diskutert felles problemstillingar. Det var semje om at det trengs bibliotekverksem på regionalt nivå i dei nordiske landa og at det er svært nyttig med denne type møte. Det neste blir i samband med «Halmstadkonferansen» i Halmstad i 2017.

Konferanseprogrammet var laga i samarbeid med Kultur Halland, Mölndals stadsbibliotek og Aarhus Kommunes Biblioteker. Bergen Off. Bibliotek stilte sine lokale til disposisjon som møterom og sto søndag kveld for eit vellukka samkome for tilreisande deltakarar i kafeen «Amalies Hage».

Hovudkonferansen blei opna av fylkesvaraordførar Pål Kårø. Den første dagen hadde bibliotekpolitiske problemstillingar på dagsorden. Nasjonalbiblioteket innleidde med kva ein nasjonal bibliotekstrategi betyr for dei kommunale og regionale biblioteka. Deretter var det ein samtale mellom nordiske aktørar om korleis ein legitimerer folkebiblioteka i lokalsamfunna. Etter lunsj hadde byarkitekten i Aarhus eit innlegg om det nye biblioteket i byen, som har vore ein motor i byutviklinga. Byråd for byutvikling i Bergen, Anna Elisa Tryti leia denne sesjonen. Dagen blei avslutta med innlegg om kva biblioteka kan bety for flyktningar og immigrantar i ei verd av flyktningstraumar.

Faglege trendar var tema den andre dagen. Tidlegare biblioteksjef i Edinburgh, Liz McGettigan viste framtidas teknologiske moglegheiter i opningsforedraget «Ekstrordinary Places Make Extraordinary People». I parallelle sesjonar blei framtida for både fysiske og digitale bibliotek belyst og drøfta.

Konferansen kan kort summert seiast å ha vore svært vellukka. Både det faglege innhaldet og det sosiale programmet, som også inneholdt byvandring og middag på Fløien folkerestaurant ein strålande sommarkveld, fekk svært gode tilbakemeldingar frå dei 155 deltarane. Økonomisk gjekk konferansen, takke vere tilskot frå fylkeskommunen og Nasjonalbiblioteket (kr 50 000) i balanse.

Fylkesbiblioteksjefen i Akershus, Heidi Hovemoen noterte sine inntrykk frå konferansen på nettstaden til Norsk bibliotekforening: <http://norskbibliotekforening.no/2016/06/inntrykk-fra-halmstadkonferansen-i-bergen-13-og-14-juni-2016/>